



Vang kommune
Tynvegen 5161
2975 VANG I VALDRES

Saksbehandlar, innvalstelefon

Ingunn Midtgård Høyvik, 61 26 60 30

Fråsegn - Vang - dispensasjon - Tyinkryset - etablering av høgdebasseng og tilhøyrande veg og parkering - gbnr 5/1 og gbnr 7/2

Vi viser til brev frå Vang kommune, dagsett 15.02.22. Søknaden gjeld dispensasjon frå arealformålet LNFR og idrettsanlegg i kommunedelplan for Tyinkryset. Det blir søkt om etablering av høgdebasseng og tilhøyrande veg og parkering.

Høgdebassenget er sett på som kritisk for vassforsyninga på Tyinkryset og Filefjell. I kommunedelplanen var det sett av eit areal til dette føremålet, men kommunen har ikkje kome i hamn med avtale med grunneigarane om dette arealet. Kommunen ynskjer ikkje å gå til ekspropriasjon, og har difor sett på eit anna areal som eit alternativ.

Statsforvaltarens vurdering

Innleiingsvis vil vi kommentera at vi menier dette burde vært handsama som ei reguleringsendring heller enn ein dispensasjon. Ei generell anbefaling er at betydelege og permanente avvik ikkje skal skje gjennom dispensasjon, men gjerast gjennom reguleringsendring. Dispensasjon vil være mest aktuelt ved midlertidige og tidsbestemte unntak frå plan, og ved varige unntak der det ikkje reknast som ønskjeleg å endre planen.

Ved å handsame søknaden som reguleringsendring vil ein få ei meir føreseieleg og langsiktig arealavklaring gjennom plan. Ei endring av planen endrar plankart og/eller føresegner og gir ein permanent rettighet. For oversiktens skyld er det også ein klar fordel at tiltaket er synleg i plandokumenta. I denne endringa ville det då også vore naturleg å endre formålet på det arealet som i gjeldande plan er avsett til høgdebasseng.

På grunn av tiltakets omfang er det rimeleg å tru at endringa kunne vore handsama som ei reguleringsendring etter forenkla prosess.

Vi vil minne om webinarret reguleringsendring etter forenkla prosess, som Statsforvaltaren i Innlandet arrangerte hausten 2021: [Webinar i plan og byggesak «Planendring etter en enklere prosess»](#)



Ut over dette har vi følgende kommentarar til søknaden:

Samfunnstryggleik

Sett bort frå at det opplysast at det ikkje er rasfare i området, er ikkje risiko og sårbarheit omtalt i søknaden. Ut i frå ei heilskapleg vurdering av søknaden synest det ikkje å vera behov for ytterlegare vurderingar av risiko og sårbarheit. Vi legg til grunn at basseng og ventilhus vert tilstrekkeleg sikra mot innbrot og sabotasje.

Statsforvaltaren sin konklusjon

Ut over dette har vi vurdert søknaden og ser ikkje at den kjem i konflikt med nasjonale eller regionale interesser vi er satt til å ivareta. Vi har derfor ingen vesentlege merknader til at kommunen gir dispensasjon i saken. Vi ber likevel kommunen om å drøfte saken jf. våre kommentarar ovanfor.

Med helsing

Øyvind Gotehus (e.f.)
avdelingsdirektør

Ingunn Midtgård Høyvik
seniorrådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Innlandet fylkeskommune

Norges vassdrags- og energidirektorat

Pb. 4404

Postboks 5091 Majorstua

2325 HAMAR

0301 OSLO